



Arkivnr: 2015/7302-1
Saksbehandlar: Rolf Rosenlund

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet		19.08.2015
Fylkesutvalet		26.08.2015

Oppretting av styringsgruppe for arbeidet med ny sonetakststruktur.

Samandrag

I samband med det vidare arbeidet med ny sonetakststruktur vil fylkesrådmannen rå til at det vert oppretta ei politisk styringsgruppe som skal fylgja arbeidet fram til politisk sak.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet utnemner følgjande medlemmer til styringsgruppe for ny sonetakststruktur.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 09.07.2015

Sak om innføring av nytt sonetakstsystem var opp til handsaming i fylkestinget i juni 2014 der det vart gjort fylgjande vedtak:

1. Fylkestinget vedtek 1-sonemodellen for Hordaland frå 01.02.2015. Følgjande føresetnader vert lagt til grunn for 1-sonemodellen:

- a. gyldigheit for billett tidsavgrensa til 2 timar.*
- b. påstigingsgebyr for alle som nyttar kontantar.*
- c. rabattstrukturen for enkeltreiser vert gjennomgått.*
- d. at finansieringsgapet ved innføring av 1-sonemodellen er i storleik 43 mill. kr, jf. saksframlegget.*

2. Ein legg til grunn at dette vert dekt inn gjennom ein moderat auke i einheitstaksten/minstetaksten.

3. Det vert lagt fram ei eiga sak med gjennomgang av takstreglementet hausten 2014, og i god tid før budsjettarbeidet.

4. Endringa i sonestruktur skal evaluerast 1. halvår 2016. I samband med evalueringa av sonestruktur for buss i 2016, ønskjer fylkestinget og ei vurdering av sonestruktur for hurtigbåt. Fylkestinget meiner NSB må tilpassa sine takstar lokalt, slik at togstrekninga Arna-Bergen får same pris som buss.

I samband med budsjettarbeidet for 2015 kom det fram at det budsjettmessing ville bli vanskeleg å innføra 1-sonemodellen frå 2015. I samband med at det vart lagt fram sak for fylkesutvalet i september 2014 i henhold til pkt 3 i fylkestingsvedtaket, vart det fatta slikt vedtak:

1. Takstendringane for 2015 skal ivareta mål om passasjervekst og auke i kollektivandel, jf. "Kollektivstrategi for Hordaland" og "Regional transportplan for Hordaland".

2. Innføring av ny sonestruktur vert utsett, men skal opp til handsaming i løpet av 2015. Takstsonane vert justerte slik at kostnadsauken/inntektsbortfallet vert balansert, med ein minstetakst på 35,- kr og ein høvesvis justering av andre prisar.

3. Takstregulativ for buss og Bybane gjeldande frå 01.02.2015 vert vedtatt i samband med budsjetthandsaminga.

Etter dette har administrasjonen arbeidd vidare med sonetakstspørsmålet med sikte på å leggja fram ei sak i løpet av 2015.

Fylkesrådmannen ser at dette er ei sak som er vanskeleg å gjennomføra utan at det får vesentlege økonomiske fylgjer. Ein finn det difor tenleg at det vert oppretta ei politisk styringsgruppe som skal fylgja arbeidet med ny sonestruktur fram til det ligg føre eit endeleg saksframlegg. Grunnlaget for styringsgruppa sitt arbeid er fylkestinget sitt vedtak frå juni 2014. Når saka vert fremja på nytt er det viktig at alle sider ved å innføra eit nytt sonetakstsystem er vurderte, det vere seg økonomiske, tekniske og marknadsmessige. Innføring av nye system vil i tillegg alltid måtta sjåast i ein budsjettmessig samanheng.